

Forbrukarkjøpslova

Lovutdrag utarbeida av Forbrukerrådet



Eit hovudprinsipp i forbrukarkjøpsloven er at seljar ikkje har lov til å gi deg dårlegare vilkår enn det loven seier. Dersom seljar har særskilte salsvilkår, er desse berre gyldige dersom dei stiller deg betre enn loven. Her følgjer eit utdrag av forbrukarkjøpsloven utarbeida av Forbrukerrådet.

Lov om forbrukarkjøp av 21. juni 2002
Gjelder frå 1. juli 2002

Det kan være vanskeleg å vite når det er forbrukarkjøpsloven (frå 2002) og når det er kjøpsloven (frå 1988) som gjeld. Her er ein oversikt:

Forbrukarkjøpsloven gjeld:

- Når privatpersonar kjøper noko frå ein næringsdrivande (etter 1. juli 2002)
- Når ein privatperson som skal selje noko, bruker ein mellommann (kjøp av bruktbil er eit typisk eksempel)
- Vatnleveransar, kjøp av fordringar eller rettar

Kjøpsloven gjeld:

- Kjøp mellom privatpersonar og næringsdrivande som er gjort før 1. juli 2002
- Kjøp mellom to privatpersonar utan bruk av mellommann
- Om det er opplyst at mellommannen ikkje er seljar og at mellommannen ikkje har ansvar for manglar

Eit hovudprinsipp i forbrukarkjøpsloven er at seljar ikkje har lov til å gi deg dårlegare vilkår enn det loven seier. Dersom seljar har særskilte salsvilkår, er desse berre gyldige dersom dei stiller deg betre enn loven.

Dersom kjøpsavtala er inngått før 1. juli 2002, vil rettane og pliktene dine bli regulert av kjøpsloven av 13. mai 1988. Les meir om kjøpsloven i publikasjonen "Fakta om Kjøpsloven" til høgre for denne artikkelen.

Kva kan du krevje av vara?

Forbrukarkjøpsloven seier at vara skal vere slik du har avtalt med seljaren. Har du opplyst seljaren om at vara skal brukast til noko spesielt, kan du krevje at vara eignar seg til dette. Du har krav på at vara har dei eigenskapane og står seg like godt som seljaren har opplyst ved kjøpet, gjennom annonsar, på plakatar, på emballasjen o.l.

Dersom de ikkje har avtalt noko spesielt, seier forbrukarkjøpsloven at du har krav på at vara

UTGIVER AV:



Forbrukerrådet
The Consumer Council
of Norway

Postadresse:
P.b. 4594 Nydalen
NO-0404 Oslo

Besøksadresse:
Rolf Wickstrøms vei 15
0486 Oslo

Org. nr.:
NO 871 033 382 MVA

post@forbrukerradet.no
forbrukerportalen.no

Publikumstelefon:
815 58 200
Sekretariatet,
tlf.: 23 40 05 00

- har same eigenskapar og er like haldbar som tilsvarande ting
- har same eigenskapar som ei prøve eller modell du har sett på
- har den kvaliteten og dei eigenskapane som seljaren har opplyst direkte eller gjennom marknadsføring
- oppfyller offentlege tryggingsskrav
- er forsvarleg pakka
- er fri for heftingar
- blir følgd av ei forståeleg bruksrettleiing

Er ikkje tingen i samsvar med det som er avtalt eller det du kan krevje i følgje loven, har vara ein mangel. Det betyr at du kan krevje at seljaren omleverer, rettar feilen, gir prisavslag, hever kjøpet og/eller gir erstatning. (Sjå meir om kva du kan krevje nedanfor.)

Feil - manglar

Loven seier at alle feil som oppstår dei første seks månadene skal reknast som fabrikkfeil, så lenge ikkje seljaren beviser noko anna. Etter dei første seks månedane er hovudregelen at det er du som kjøpar som har bevisbyrda. Likevel er det tilstrekkeleg at du påviser ovanfor seljaren at vara ikkje er i samsvar med avtala eller krava i loven. Seljaren har då plikt til å undersøke årsaka til feilen. Dersom ikkje seljaren finn årsaka til feilen eller han finn at årsaka skuldast dårleg kvalitet, er det ein mangel.

Alle feil ved ei vare er ikkje nødvendigvis ein mangel etter forbrukarkjøpsloven. Feil ein må rekne med som følgje av slitasje, eller feil som følgje av uforsvarleg eller unormalt stor bruk er ikkje ein mangel. Dersom seljaren finn at dette er årsaka til feilen, må du sjølv betale reparasjonen. NB! Seljaren kan berre ta betalt for reparasjon eller undersøking dersom det er avtalt på førehand, og feilen skuldast deg.

Merk deg at når du kjøper brukte ting, kan seljaren ofte selje tingen "som den er", "som den står", "som vist", eller med liknande vilkår. Formålet med eit slikt vilkår er å avgrense rettane dine. Trass eit slikt vilkår, er det ein mangel dersom vara er i dårlegare stand enn det du hadde grunn til å rekne med i høve til det som er opplyst, prisen eller alderen på vara. Det er også ein mangel dersom seljaren har late vere å gi viktige opplysingar, eller at vara ikkje har dei eigenskapane som seljaren har opplyst.

Kva har du krav på dersom det er manglar ved vara?

Dersom vara har ein mangel, kan du krevje at seljaren gir deg ein tilsvarande ny gjenstand (omlevering), eller at seljaren rettar mangelen. Det er du som kan velje om du vil ha ei ny vare eller om den skal reparerast. Seljaren kan berre krevje å få reparere vara dersom det ikkje er mogleg å skaffe ei ny (til dømes dersom vara ikkje lenger blir produsert), eller at det vil medføre ein urimeleg kostnad å skaffe ei ny. Dette betyr at du ikkje har rett til omlevering på varer som er kostbare og som fell mykje i verdi (til dømes bilar og motorsyklar).

Masseproduserte varer som finnes på lager vil det som regel være kurant å krevje omlevert (for eksempel mobiltelefonar). Unntak gjelder Om reparasjon kan skje "utan nemneverdig ulempe" for kjøper (f eks retting i løpet av et par dagar) og reparasjonen gjør at varen blir så god som ny (f eks sko som blir sterkare enn før). I slike tilfeller skal det lite til før seljers kostnader ses som urimelige (f eks om innkjøpspris for ny vare er 3 gangar høgare enn reparasjonskostnadene).

Dersom seljaren skal reparere vara, har du som hovudregel krav på ein lånegjenstand dersom det tar meir enn ei veke å få retta mangelen. Merk deg også at seljaren etter forbrukarkjøpsloven berre har to sjansar til å rette same feilen. Dersom dette ikkje lukkast, kan du krevje prisavslag eller heve kjøpet.

Prisavslaget skal svare til reduksjonen i verdien på vara. Er vara berre verdt halvparten så

mykje med mangelen, kan du krevje eit prisavslag på 50 %. Dersom mangelen ikkje er uvesentleg, kan du i staden for prisavslag krevje å heve kjøpet. Du må då levere vara tilbake til seljaren. Seljaren må på si side betale tilbake kjøpesummen, pluss rente på forseinkinga frå det tidspunktet du reklamerte på feilen.

Dersom du har lidd økonomisk tap, kan du i nokre høve krevje erstatning frå seljaren i tillegg. Merk deg at du pliktar å avgrense tapet, og at du ikkje får erstatta tap i næringsverksemd.

Når må du klage - klagefristar

Dersom du oppdagar feil ved vara, må du innan rimeleg tid melde frå til seljar. Det vil alltid vere tilstrekkeleg at du klagar innan to månader etter at du oppdaga feilen, men i praksis vil både du og seljar vere tent med ein så rask reaksjon som mogleg.

I tillegg til at du må reklamere innan rimeleg tid, må du overhalde dei absolute klagefristane. Hovudregelen er at klaga må skje seinast to år etter at du overtok tingen. Fristen er derimot fem år dersom tingen er meint å vare vesentleg lenger enn to år. Dette gjeld til dømes kapitalvarer som møblar, bilar, radio/tv-apparat og byggevarer. Vær også merksam på at seljaren i garantiar eller marknadsføring kan ha gitt deg lengre klagefristar enn loven.

Vi rår deg til å skaffe skriftleg dokumentasjon for når du reklamerte og kva det gjaldt, slik at det ikkje er tvil om at klaga var framsett i tide.

Kva har du rett til ved forseinking?

Det er ei forseinking dersom seljaren ikkje leverer vara til avtalt tid. Ved forseinking kan du halde tilbake betalinga inntil levering skjer. Dersom forseinkinga er vesentleg kan du heve kjøpet, det vil seie at du kan gå frå avtala og krevje tilbake det du eventuelt har betalt. Du har krav på tillegg av forseinkingsrente frå datoen du betalte. Når forseinkinga skjer, kan du sette ein rimeleg tilleggsfrist for seljaren. Leverer ikkje seljaren innan tilleggsfristen, kan du heve kjøpet.

Dersom du har lidd eit økonomisk tap, kan du i nokre høve krevje erstatning frå seljaren. Merk deg at du pliktar å avgrense tapet, og at du ikkje får erstatta tap i næringsverksemd.

Betaling

Vara skal betalast kontant om ikkje anna er avtalt. Du treng ikkje å betale før du har fått vara, dersom det ikkje er gjort avtale om forskottsbetaling. Du bør unngå slike avtaler.

Dersom prisen ikkje er avtalt, skal du betale det som var vanleg for denne type varer på avtaletidspunktet. Tek du imot rekning frå seljaren, må du seie frå innan rimeleg tid dersom du ikkje vil godta den kjøpesummen som er fastsett der.

Seljaren kan ikkje i tillegg til kjøpesummen krevje at du betaler gebyr, til dømes for å sende ut rekning, med mindre dette klart blei avtalt ved kjøpet.

Avbestilling og retur

Forbrukarkjøpsloven gir deg rett til å avbestille vara i tida før du tek ho imot. Ei avbestilling inneber at du slepp å betale kjøpesummen, men du må som hovudregel dekke eit eventuelt tap som seljar får pga. avbestillinga. De kan avtale eit standardisert avbestillingsgebyr som ikkje må overskride det faktiske tapet til seljaren.

Har du allereie tatt imot vara, kan du i utgangspunktet ikkje avbestille. Det betyr altså at du må betale kjøpesummen sjølv om du ikkje ønskjer å behalde vara. Det er unntak for dette dersom:

- du har rett til å heve kjøpsavtala
- vilkåra for angrerett etter angrerettlova er oppfylte (dette er berre aktuelt dersom kjøpet har skjedd utanfor butikk eller annan fast utsalsstad)

- du har avtalt særskilt tilbakeleveringsrett med seljar (til dømes deponering, heimlån, kjøp på prøve)
- du har avtalt byterett med seljar, eller slik rett følger av sedvane for den aktuelle bransjen og varetypen

Forbrukarrådet gir hjelp i klagesaker

Forbrukarrådet behandlar klager frå deg som forbrukar. Du skal sjølv ta opp saka med seljaren, men du kan rådføre deg med Forbrukarrådet før du gjer dette. Dersom du ikkje blir einig med seljaren, kan du legge fram saka for Forbrukarrådet. Det gjer du ved å sende eit brev til Forbrukarrådet i fylket der du bur. I brevet fortel du kva saka gjeld. Forbrukarrådet kan hjelpe til med å sette opp klaga.

Dersom Forbrukarrådet i fylket tek saka opp til behandling, vil vi prøve å komme fram til ei minneleg ordning. Forbrukarrådet er ingen domstol og kan ikkje tvinge nokon av partane til å godta eit framlegg til løysing. Dersom Forbrukarrådet ikkje klarer å få til ei minneleg løysing i saka, kan både du og seljar krevje at saka blir behandla av Forbrukartvistutvalet.

Forbrukartvistutvalet

Ei avgjerd i Forbrukartvistutvalet får same verknad som ein vanleg dom, og kan bli driven inn ved hjelp av det offentlege. Ikkje alle typar saker kan bli behandla her. Det er bere tvistar i samband med kjøp av ting (lausøyre) til personleg bruk, tvistar om handverkartenester og tvistar etter angrevertlova som kan leggast fram for utvalet. Behandlinga i Forbrukartvistutvalet er gratis.

Forbrukarrådet i fylket vil gi opplysningar om korleis ein skal gå fram for å få ei sak behandla av Forbrukartvistutvalet. Vi viser også til Forbrukarrådet sin folder "Behandling av klagesaker i Forbrukarrådet og Forbrukartvistutvalet".

Adresse og telefonnummer til Forbrukarrådet i fylket finn du i telefonkatalogen eller på Forbrukarrådet sine nettsider, <http://www.forbrukerportalen.no>